



FYLKESMANNEN
I ROGALAND



Sjumilssteget

- for god oppvekst i Rogaland

Prosjektplan 2015-2017

Innhald

1. MÅL OG RAMMER	2
1.1 Bakgrunn.....	2
1.2 Overordna mål	2
1.3 Dei sju stega.....	2
1.4 Delmål internt i embetet.....	3
1.5 Delmål eksternt	3
2. ORGANISERING OG STYRING	4
2.1 Organisering.....	4
2.2. Styringsdokument	5
2.3 Informasjonsstrategi.....	5
3. RISIKOANALYSE OG KVALITETSSIKRING.....	6
3.1 Kritiske suksessfaktorar	6
3.2 Kvalitetssikring	6
4. GJENNOMFØRING.....	6
4.1 Interne tiltak og framdrift.....	6
4.2 Eksternt retta tiltak og framdrift	9
5. ØKONOMI	10
5.1 Personalressursar direkte knytte til satsinga	10
5.2 Driftsutgifter/budsjett 2015.....	10
5.3 Budsjett for heile prosjektperioden.....	11
Vedlegg 1	Feil! Bokmerke er ikke definert.

1. MÅL OG RAMMER

1.1 Bakgrunn

Sjumilssteget er eit felles løft for å sikre at Barnekonvensjonen blir lagt til grunn for alt arbeid retta mot barn og unge i kommunane/fylkeskommunane og i eige embete. Fylkesmannen i Troms starta opp i 2009, og Sjumilssteget er no ei nasjonal satsing. Sentrale artiklar i konvensjonen er valde ut og plasserte i sju «steg», inspirert av ein av dei gode hjelparane til Oskeladden som hadde sjumilsstøvlar så han kunne nå til verdens ende og tilbake på få minutt.

Fylkesmannen i Rogaland valde å bli med i 2013 og ser satsinga som eit sentralt verkemiddel for å sikre god oppvekst for alle barn i fylket. Det vart fastsett mandat for ei arbeidsgruppe, og målsetjinga var todelt:

- Etablere prosjektet internt i embetet i 2013
- Etablere prosjektet i kommunane i 2014

Arbeidsgruppa er etablert i samsvar med mandatet, og det er sett i verk ei rekkje tiltak både internt og retta mot kommunane. Ved utgangen av juni 2015 deltar 12 kommunar, og alle er i gang med kommuneanalysen. Internt i embetet er det tydeleg at medvitet om fokus på barn og unge i arbeidet er styrkt på fleire område, men det må arbeidast kontinuerleg for enno betre samordning og samarbeid til beste for barn og unge i embetet.

Det har ikkje vore ein del av mandatet til arbeidsgruppa å utarbeide ein samla prosjektplan, men det er erkjent at det er behov for ein slik plan. Etter avtale med embetsleiinga vart oppdraget med å lage utkast gitt til nestleiar Rigmor Kvia de Waard i helse- og sosialavdelinga og leiar Sølvi Ona Gjøl i utdanningsavdelinga. Endeleg prosjektplan er fastsett av embetsleiinga 21.08.2015 etter drøfting i leiargruppa 18.08.2015.

1.2 Overordna mål

Fylkesmannen sin visjon, «Vi tar vare på Rogaland», gjeld sjølvstøtt også for denne satsinga. Det er likevel nødvendig å ha eit overordna mål for prosjektet:

Alle barn og unge i Rogaland har ein trygg oppvekst og får forsvarleg tenestetilbod der dei bur. Barnekonvensjonen er kjend og førande for alt arbeid retta mot barn og unge både i kommunane, fylkeskommunen og i

fylkesmannsembetet. Tverrfagleg samarbeid har tenleg omfang og er rutinert, effektivt og godt. Utsette barn og unge får tidleg og rett hjelp.

1.3 Dei sju stega

Steg 1: Å seie meininga si - Artikkel 12

Barnet har rett til å seie meininga si i alt som kjem det ved, og det skal leggjast vekt på barnet sine meiningar.

Steg 2: God omsorg - Artikkel 18

Begge foreldra har eit hovudansvar for omsorga og utviklinga til barnet etter kva som er best for barnet. Staten skal gi støtte og sikre utvikling av institusjonar, tenester og tiltak for å gi barn omsorg, medrekna omsyn til foreldre i arbeid.

Steg 3: Særskilt vern og støtte - Artikkel 20

Barn som er utan familiemiljø, har særleg rett på vern og omsorg, til dømes ved plassering i fosterheim, eller om det er naudsynt, ved høveleg institusjon eller ved adopsjon.

Steg 4: Vern mot overgrep - Artikkel 19, 34 og 36

Barnet har rett til vern mot alle former for seksuell utnytting og misbruk. Staten har plikt til å verne barnet mot alle former for utnytting som er skadeleg for barnet si velferd.

Steg 5: Fullverdig liv - Artikkel 23

Alle barn med funksjonshemming har rett til å leve eit verdig og godt liv, og dei har krav på særskild støtte. Barnet skal få undervisning og opplæring for å oppnå best mogleg integrering og individuell utvikling.

Steg 6: God helse - Artikkel 24

Alle barn har rett til høgaste oppnåelege helsestandard og rehabilitering. Det skal treffes særlege tiltak for å bidra til dette gjennom å sikre naudsynt helsehjelp og helsevurdering og ved ulike førebyggjande tiltak med vekt på primærhelseteneste.

Steg 7: God utdanning - Artikkel 28 og 29

Alle barn har rett til utdanning. Grunnskoleutdanning er obligatorisk, vidaregåande opplæring skal vere tilgjengeleg. Disiplin i skolen skal utøvast slik at barnet sitt menneskeverd blir ivaretatt. Utdanning skal

fremje utviklinga av barnet sin personlegdom og teoretisk og praktisk dugleik. Utdanninga skal skape respekt for menneskerettane og fremje haldningar om fred, toleranse og vennskap.

1.4 Delmål internt i embetet

Steg 1 Å seie meininga si

- Det er synleg at barnets beste er vurdert i alle saker som gjeld barn
- Embetet har tilsette som er kompetente til å gjennomføre samtalar med barn
- Embetet brukar barn og unge som ekspertar i metodeutvikling

Steg 2 God omsorg

- Det er etablert rutinar for samarbeid knytt til barn og unge mellom avdelingane i embetet
- Embetet har felles verksemdsplan for tiltak knytte til Sjumilssteget for god oppvekst
- Alle tilsette kjenner Barnekonvensjonen og er medvitne om kva konvensjonen inneber for informasjon og rettleiing, klagebehandling og tilsyn
- Alle nytilsette får informasjon om Barnekonvensjonen og om satsinga
- Det er synleg i risikovurderinga knytt til tilsyn at barnets beste er vurdert

Steg 3 Særskilt vern og støtte

- Alle tilsette kjenner regelverk knytt til barn i barnevernet
- Informasjon frå Fylkesmannen om barn i barnevernet er godt samordna
- Det blir samarbeidd på tvers av avdelingar om planlegging og gjennomføring av relevante tilsyn knytte til barn i barnevernet

Steg 4 Vern mot overgrep

- Embetet har rutinar for opplysningsplikt til barnevern og ev til politiet, og alle tilsette i embetet er medvitne om plikta
- Aktuelle avdelingar arbeidar saman om opplæring i samtalar med barn som er utsett for vald og overgrep.

Steg 5 Fullverdig liv

- Embetet sine rutinar for samarbeid har eigne punkt om rettar for funksjonshemma barn og unge

- Tilsette i relevante avdelingar kjenner regelverket knytt til rettar for funksjonshemma barn og unge

Steg 6 God helse

- Avdelingane i embetet har kunnskap om effektive og eigna tiltak for å avskaffe praksis som er skadeleg for helsa til barn
- Tilsette i relevante avdelingar følgjer med på barns rett til behandling for sjukdom og rehabilitering
- Avdelingane i embetet har kunnskap om effektive og eigna tiltak for å fremje helsa til barn
- Tilsette i relevante avdelingar følgjer med på barns rett til behandling for sjukdom og rehabilitering

Steg 7 God utdanning

- Alle tilsette i embetet veit nok om barn og unge sine rettar etter barnehagelova og opplæringslova til at dei i kontakt med kommunar veit når utdanningsavdelinga må informerast/involverast
- Alle tilsette kjenner sentrale rettar og plikter for barn og unge både i barnehagelova og opplæringslova

Generelle mål

- Alle tilsette har forsvarleg kunnskap og Fylkesmannen sine oppdrag knytte til barn og unge
- Fellesskap og samhald i embetet er sterkt og godt gjennom tverrfagleg fokus i alt arbeid
- Mediestrategi og årlege handlingsplanar synleggjer satsinga systematisk

1.5 Delmål eksternt

Steg 1 Å seie meininga si

- Kommunane og fylkeskommunen sikrar at barn og unge blir høyrde i planarbeid
- Kommunar og fylkeskommunen har tilsette som er kompetente til å gjennomføre samtalar med barn, eller der det er aktuelt, samtale med barnet sine omsorgspersonar om barnet sin situasjon. Kommunane har rutinar for kva saker dette gjeld
- Kommunar og fylkeskommunen bruker barn og unge som ekspertar gjennom

elevråd og ungdomsråd, og synspunkta deira blir vektlagde i alle saker som vedkjem dei

Steg 2 God omsorg

- Det er etablert rutinar for tverrfagleg samarbeid knytt til barn og unge i kommunane og fylkeskommunen
- Alle tilsette kjenner Barnekonvensjonen og er medvitne om kva konvensjonen inneber i arbeidet deira
- Alle tilsette får informasjon om Barnekonvensjonen og om satsinga
- Det er synleg i kommunane og fylkeskommunen sine planar at barnets beste er vurdert

Steg 3 Særskilt vern og støtte

- Kommunane og fylkeskommunen har rutinar som sikrar at alle tilsette kjenner regelverk knytt til barn i barnevernet, kva barnevernet er og kva oppgåver barnevernet har

Steg 4 Vern mot overgrep

- Kommunar og fylkeskommunen har rutinar som sikrar at alle tilsette kjenner til regelverk knytt til opplysningsplikta

Steg 5 Fullverdig liv

- Tilsette i relevante stillingar i kommunar og fylkeskommunen kjenner regelverket knytt til rettar for funksjonshemma barn og unge

Steg 6 God helse

- Tilsette i kommunar og fylkeskommunen har kunnskap om effektive og eigna tiltak for å fremje helsa til barn
- Kommunane og fylkeskommunen oppfyller barn sin rett til behandling for sjukdom og rehabilitering
- Kommunane og fylkeskommunen sikrar at friluftsliv og uteliv, mellom anna naturprega nærmiljø for fri leik, er tatt omsyn til i planlegging og kvalitetssikring av arealbruk og tenesteyting for barn og unge. (Dette er eit grunnlovsprinsipp; naturressursane skal disponerast ut frå ei langsiktig og allsidig vurdering som tar i vare etterkomarane våre sin rett til eit miljø som sikra helsa, og til ein natur der

produksjonsevne og mangfald blir bevart, jf. Grunnlova § 112 første ledd.)

Steg 7 God utdanning

- Tilsette i kommunar og fylkeskommunen kjenner sentrale rettar og plikter for barn og unge både i barnehagelova og opplæringslova

2. ORGANISERING OG STYRING

Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland er organisert som prosjekt i ein periode på 3 år, med prosjektperioden rekna frå 1. januar 2015 og ut 2017.

2.1 Organisering

Styringsgruppe: Det er etablert ei styringsgruppe for prosjektet, der fylkesmannen og avdelingsdirektørane i Helse- og sosialavdelinga, Samfunnsavdelinga og Utdanningsavdelinga er medlemmer. Kommunikasjonssjefen deltar ved behov. Styringsgruppa si viktigaste oppgåve er å ta avgjerder undervegs som gjer at prosjektet lukkast. Styringsgruppa skal sikre at prosjektet utviklar løysingar, tiltak og samarbeid som tener føremålet, og som gir varig merksemd mot god oppvekst for barn og unge i alle avdelingane i embetet og i kommunane og fylkeskommunen. Styringsgruppa har møte to gonger pr. halvår, prosjektleiaren set opp møteplan, kallar inn til møta og skriv referat.

Prosjektleiari: Prosjektet vert leia av ein prosjektleiari i 50 % stilling, og stillinga er plassert i Utdanningsavdelinga. Anita Olufsen er tilsett som prosjektleiari frå 1.8.2015. Arbeidsoppgåvene for prosjektleiaren er å

- vere pådrivar og nettverksbyggjar både internt og eksternt
- drifte prosjektet saman med arbeidsgruppa internt i embetet
- medverke til pressdekning og medieomtale som kan styrkje gjennomføringa
- følgje opp, justere og utvikle prosjektplanen og årlege handlingsplanar
- informere om prosjektet i leiarmøte kvar siste måndag i månaden

- delta i nasjonalt nettverk for Sjumilssteget saman med representant frå arbeidsgruppa

Prosjektleiari rapporterer direkte til styringsgruppa. Det er viktig å avklare forventningar til framdrift av prosjektet både med styringsgruppa og leiargruppa, og prosjektleiaren må vere tydeleg overfor begge gruppene om nødvendige avklaringar til rett tid.

Styringsgruppa har ansvar for overordna leing overfor prosjektleiaren, medan ansvaret for dagleg leing ligg til leiinga i Utdanningsavdelinga.

Intern arbeidsgruppe: Det er etablert ei intern arbeidsgruppe på tvers av avdelingane for å ta seg av Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland. Det vart avtalt i leiarmøtet at kvar avdeling bidrar med ein medarbeidar i 20 % stilling. Det er viktig at alle avdelingane set av denne ressursen i heile prosjektperioden. Det er også nødvendig at avdelingane har medarbeidarar som kan vere vara ved sjukdom eller anna fråvær frå arbeidsgruppa.

Arbeidsgruppa består av:
 Hilde Folkvord Juul (10%) og Jorunn Helland (10%) - Utdanningsavdelinga
 Inger Karin Brekke (10%) og Ann Helen Madland Meling (10%) - Helse- og sosialavdelinga
 Bjørn Berg (20%) – Landbruksavdelinga (vara: Nono Dimby)
 Heidi Lie Eriksen (20%) – Samfunnsavdelinga (vara: ??)
 Karen Weyde Førre (20%) – Miljøvern avdelinga (vara: ??)

Arbeidsgruppa skal medverke til at arbeidet med barn og unge hos Fylkesmannen i Rogaland blir best mogleg samordna og koordinert, og til at det blir samarbeidd på tvers av avdelingane så langt det lar seg gjere både i enkeltsaker og i samband med tilsyn, møte og konferansar. Ei målsetting med deltaking frå alle avdelingar er m.a. å medverke til

- best mogleg breiddekompetanse i arbeidet
- samordna og effektiv innsats
- nytenking og kreativitet gjennom tverrfagleg jobbing

- samordning og likebehandling i klagesaker og tilsyn
- samordning i informasjon, rettleiing og tilskottsforvaltning
- synleggjing av «gråsoner» i arbeid retta mot barn og unge

Arbeidsgruppa samarbeider med prosjektleiaren om framdrifta i prosjektet og følgjer opp dei årlege handlingsplanane. Arbeidsgruppa har møte saman med prosjektleiaren etter ein nærare oppsett plan. Referat frå møte i arbeidsgruppa blir sende til avdelingsdirektørane til orientering.

2.2. Styringsdokument

Det er utarbeidd ein prosjektplan for heile prosjektperioden. Plan må vere dynamisk, slik at det er råd å vurdere utvikling i satsinga. Med utgangspunkt i prosjektplanen skal det lagast årlege handlingsplanar, ein for interne tiltak og ein for eksternt retta tiltak.

Framdrift og resultat skal vurderast jamt gjennom heile prosjektperioden, men det skal konkretiserast i ein statusrapport til styringsgruppa pr. 1. juni og 1. november kvart år, slik at det er råd å vurdere behov for endringar i mål, tiltak og ressursinnsats.

Det skal utarbeidast eit samla budsjett for heile prosjektperioden i tillegg til årlege budsjett. Prosjektleiari utarbeider framlegg til budsjett for heile perioden og budsjett for kvart år i samarbeid med økonomieininga.

2.3 Informasjonsstrategi

Det skal utviklast ein intern og ein ekstern informasjonsstrategi for prosjektet i samarbeid mellom prosjektleiari, arbeidsgruppa og kommunikasjonssjefen. Målet er å sikre at både tilsette i embetet og kommunane og fylkeskommunen kjenner satsinga og tar ansvar for sine tiltak slik at målet for prosjektet blir nådd. I tillegg skal strategien sikre at det er god samanheng mellom prosjektet og den nasjonale satsinga på Sjumilssteget.

Informasjonsstrategien skal vere klar innan 1. okt 2015.

3. RISIKOANALYSE OG KVALITETSSIKRING

3.1 Kritiske suksessfaktorar

God forankring for satsinga saman med forsvarlege ressursrammer og kompetente medarbeidarar er sentrale suksessfaktorar. Gode styringsverktøy vil sikre framdrifta. Elles vil meir og betre tverrfagleg samarbeid, samhandling og samhald medverke til god kvalitet i oppgåveløysinga vår.

Dei kritiske suksessfaktorane er nærare omtalte i vedlegg 1 saman med vurdering av risiko for hendingar som gjer det sannsynleg at faktoren ikkje slår til og kva følgjer dette vil kunne ha for måloppnåinga.

3.2 Kvalitetssikring

Undervegs i arbeidet må prosjektleiaren og arbeidsgruppa sikre at både interne og eksternt retta tiltak blir vurderte på bakgrunn av den samla kunnskapen Fylkesmannen har om kommunane, m.a. gjennom statistikk, resultat etter tilsyn og anna som er notert i kommunebilda.

I statusrapportane til styringsgruppa pr. 1. juni og 1. november skal det gjerast konkrete vurderingar av status, framdrift, resultat og effekt. Det skal i tillegg leggast fram forslag til ev justeringar i prosjektplanen og i handlingsplanane.

Ved slutten av prosjektperioden skal det utarbeidast ein samla rapport om Fylkesmannen sitt arbeid i prosjektet. Her skal det særleg vurderast kva for varige endringar i Fylkesmannen sitt arbeid retta mot barn og unge som er implementerte.

4. GJENNOMFØRING

4.1 Interne tiltak og framdrift

Steg	Tiltak	Ansvar	Medhjelpar	periode	Dato gjennomført
Steg 1	Kurs for alle saksbehandlarar om å synleggjere at barnets beste er vurdert i alle saker og tilsyn som gjeld barn og unge	Pål	jurist helse + jurist utdanning	Haust 2015	
	Utvikle malar for brev og rapportar som viser at barnets beste er vurdert	Arild	Dokumentsenteret + jurist	Haust 2015	
	Utvikle rutinar for å sikre/sjekke at barn har fått medverke i planarbeid	May	Tilsette i avdelinga	Haust 2015	
	Utvikle rutinar for å sikre/sjekke at barn har fått medverke ved oppnemning av verje	Lone	Tilsette i avdelinga	Haust 2015	
	Kurs for aktuelle medarbeidarar om samtalar med barn	Hallgeir	Ekstern kurshaldar Alle avddir vel ut medarbeidarar	Vår 2016	
	Etablere «ekspertgruppe» for metodeutvikling utdanning og helse og sosial	Sølvi og Pål	Relevante team/medarbeidarar	Vår 2016	
	Vidareutvikle mediestrategi og –arbeid for å underbygge prosjektet	John Gunnar	avdelingsredaktørane	Vår 2016	

Steg 2	Etablere rutinar for samarbeid mellom avdelingane knytt til barn og unge. Rettar for funksjonshemma barn og unge er omtalte i eige punkt, jf. Steg 5	Harald	Nestleiarane i alle avd	Haust 2015	
	Implementere rutinane for samarbeid	avdelingsdirektørane	avdelingane	2016	
	Felles VP for God oppvekst - alle avdelingar	prosjektleiar	Nestleiarane i alle avd	Vår 2016	
	Gjennomføre kompetanseutvikling om BK i alle avdelingar: BK generelt + spesielt knytt til avdelinga sine oppdrag	Alle avdelingsdirektørane	nestleiarane	2016	
	Endre opplegg for nyttilsette slik at informasjon om BK og God oppvekst er med	Arild	Aktuelle medarbeidar i Adma	2015	
	Justere opplegg for risikovurdering knytt til tilsyn: Barnets beste er vurdert	Harald	nestleiarane	2015	
	Utvikle rutinar for å sikre tryggleiken til barn som deltar i gardsarbeid (jf. FMNO)	Hadle	Tilsette i avdelinga	2015	
Steg 3	Kompetanseutvikling om alt relevant regelverk knytt til barn i barnevernet	Pål og Sølvi	Aktuelle tilsette i begge avd + vurdere deltaking frå andre avd	2016	
	Etablere og implementere rutinar for samordning av informasjon til sektor om barn i barnevernet	Pål og Sølvi	nestleiarane	2015/16	
	Etablere rutinar for samarbeid om tilsyn knytte til barn i barnevernet	Pål og Sølvi	nestleiarane	2016	
Steg 4	Endre opplegg for nyttilsette slik at informasjon om melde- og opplysningsplikta er med	Arild	2015		
	Sikre at alle tilsette kjenner til melde- og opplysningsplikta	Alle avdelingsdirektørane		2015	
Steg 5	Etablere rutinar for samarbeid mellom avdelingane knytt til barn og unge. Rettar for funksjonshemma barn og unge er omtalte i eige punkt, jf. Steg 2	Harald	Nestleiarane i avd	Haust 2015	
	Kompetanseutvikling for tilsette i relevante avdelingar om rettar for funksjonshemma barn og unge	prosjektleiar	nestleiarane	2016	

Steg 6	Auke kunnskapen i embetet gjennom opplæring om kva faktorar som fremjar og hemmar god helse hos barn	Pål	Aktuelle team	2015	
Steg 7	«Grunnkurs» for aktuelle tilsette i alle avdelingar om barnehagelova og opplæringslova	prosjektleiar	nestleiarane	2016	
	Kompetanseutvikling for tilsette i relevante avdelingar om sentrale rettar etter bhgl og oppl	prosjektleiar	nestleiarane	2016	
Alle	Bruke frukost- og lunsjmøte som arena for kompetanseutvikling	avdelingsdirektørane		Heile perioden	

4.2 Eksternt retta tiltak og framdrift

Steg	Tiltak	Ansvar	Medhjelpar	periode	Dato gjennomført
Steg 1	Arrangere koordinatorsamlingar	arbeidsgruppa	koordinatorane	4 gonger årleg	
	Arrangere dialogmøte med ungdom	arbeidsgruppa	koordinatorane	Våren 2016	
	Kurs om samtalar med barn – for tilsette i kommunane og for foreldre	HS+UTD			
	Halde nettsidene oppdaterte med informasjon og artiklar	John Gunnar	Prosjektleiar, arbeidsgruppa og John Gunnar	kontinuerleg	
	Sende brev til kommunane med informasjon	Prosjektleiar	Arbeidsgruppa og John Gunnar	Ved behov	
Steg 2 og 3	Utarbeide eksterne tiltak for 2016 på bakgrunn av evaluering	Prosjektleiar, styringsgruppa	Arbeidsgruppa og koordinatorane	desember 2015	
Steg 6	Vurdere samling om betre gjennomføring i vgo med utgangspunkt i BK				
Steg 6	Ha BK med som forankring i samlingar knytte til mobbing	Prosjektleiar			
alle	Sende ut brev med invitasjon til kommunar som ikkje allereie er med i satsinga	Prosjektleiar		September 2015	
	Møte i samhandlingsutvalet i nordfylket for å motivere til deltaking	Prosjektleiar + Fylkesmann?	arbeidsgruppa	Haust 2015	
	Kontakte frivillige organisasjonar for å motivere til å ha BK på dagsorden + byggje nettverk	Prosjektleiar	arbeidsgruppa		
	Gi informasjon og rettleiing i samband med kommunekartlegging	Prosjektleiar	arbeidsgruppa	Våren 2015, undervegs og når nye kommunar blir med	
	Samanstill resultat frå kommunekartlegging	Arbeidsgruppa Prosjektleiar Ekstern ressurs. Høgskolen i Østfold		Haust 2015 Vår 2016	
	Utarbeide felles satsing på bakgrunn av funn i kartlegginga	Arbeidsgruppa+ prosjektleiar	koordinatorane		
	Utarbeide rapport med oversikt over resultat i kartleggingane	Prosjektleiar og arbeidsgruppa	John Gunnar		
	Presentere funn for kommunane på samlingar	prosjektleiar saman med arbeidsgruppa			
	Etablere Dropbox for deling av informasjon	prosjektleiar	Livar og nettansvarleg i arbeidsgruppa	Haust 2015	
	Rettleie og inspirere koordinatorane i deira	arbeidsgruppa		kontinuerleg	

	jobb				
	Ta tak i og følgje opp e-postar og henvendelsar)	Prosjektleder		kontinuerleg	
	Halde innlegg og føredrag på førespurnad	Prosjektleder	arbeidsgruppa		
	Arrangere tverrfagleg konferanse	styringsgruppa	Arbeidsgruppa og koordinatorane	Kvart 2. år	
	Evaluerer satsinga	Prosjektleder	arbeidsgruppa styringsgruppakoordinatorane	november 2015 ??	
	Informere om satsinga i statsetatsjefsmøte	prosjektleder			
	Fordeling og prioritering av skjønnsmidlar skal innrettast mot tiltak som støttar prosjektet	Fylkesmann	Prosjektleder Tor Olav mv	Årleg	
	Setje i verk tiltak som medverkar til å formidle kunnskap om natur og miljø til barn og unge på deira arenaer	Miljøvernadv+prosjektleder og arbeidsgruppa			

5. ØKONOMI

Gjennomføring av prosjektet føreset prioritering av ressursar både på personalsida og til driftsmidlar. Det er signalisert at det vil bli løyvd midlar frå nasjonalt nivå, men dette er på noverande tidspunkt uklart, både når det gjeld omfang og tidsrom. Vi må såleis finansiere satsinga innanfor ordinære driftsrammer.

5.1 Personalressursar direkte knytte til satsinga

- Prosjektleder i 50% stilling
- Arbeidsgruppa med ressursar tilsvarande 20% stilling frå kvar fagavdeling

Kommunikasjonssjefen møter i styringsgruppa og i arbeidsgruppa ved behov. Det er avtalt at kvar fagavdeling set av 20% stilling til deltaking i arbeidsgruppa. Det er lagt til grunn at alle leiarane i embetet finn rom til å følgje opp konkrete tiltak internt innanfor dei ressursrammene kvar avdeling har. Eksterne tiltak skal prosjektledaren og arbeidsgruppa ta seg av.

5.2 Driftsutgifter/budsjett 2015

Det er uråd å berekne inntekter i budsjettet sidan vi ikkje veit om vi får tilskot i samband med den nasjonale satsinga. Elles er det lagt til grunn at eigendelen for kommunane ved deltaking i oppvekstkongressen 2015 var kr 500. Ved framtidige kongressar knytte til God oppvekst skal deltakarkommunane framleis ha ein eigendel på 500 kr, medan andre kommunar må betale kostpris.

Prosjektleder (50% stilling i 5 mnd)	140 000
Reisekostnader	20 000
Underskot oppvekstkongressen 2015	106 000
Sum	266 000

Detaljert budsjett her:

[..\Økonomi\Kopi av Prosjekt Sjumilssteget - God oppvekst i Rogaland.xlsx](#)

5.3 Budsjett for heile prosjektperioden

Dette blir utarbeidd seinare, jf. pkt 2.2 ovanfor.